



Smitteutviklinga i Alver

Rapport for perioden 15.-21. desember

Smittetal

Frå og med onsdag 15. til tysdag 21. desember har 117 **personar** fått påvist koronavirus (med PCR-test) i Alver kommune.

Aldersfordeling

Aldersfordelinga for tilfella i perioden 15.-21 desember er slik (runda opp til nærmaste heile tal):

- Under 12 år: 27 %
- 12–15 år: 14 %
- 16-17 år: 2 %
- 18-44 år: 41 %
- 45-64 år: 14 %
- Over 65 år: 3%

Smitteveg

Hovudarenaen for smitte er framleis eigen husstand. Over halvparten av dei som har fått påvist koronavirus i Alver den siste tida er smitta av ein dei bur ilag med.

Den andre hovudkategorien er «ukjent smitteveg». Dette betyr at personar som ikkje veit at dei er smittsame, smittar andre dei er i kontakt med.

Vi ser at svært få no har blitt smitta av ein dei går i barnehage eller på skule med.

Denne perioden har vi ikkje sett smitte på fritidsaktivitetar.

Utviklingstrekk

Smittetala har gått betydeleg ned. Det er likevel for tidleg å trekkje konklusjonar, men vi kan håpe at god etterleving av dei nye nasjonale krava til karantene, munnbind, avstand og mindre sosial kontakt har bidrege til å redusere smitten.